

Kommunal- og regionaldepartementet

Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.:
12/1701-1

Vår ref.:
12/269 - 2 / AMV

Dato:
01.10.2012


Høyringsfråsegn om endringar i inndelingslova

Språkrådet er ikkje nemnt blant høyringsinstansane i høyringa om endringar i inndelingslova, men Kulturdepartementet har bede om merknader frå oss, særleg det som gjeld framlegget i punkt 8 om at nye kommunenamn skal vera unike. Vi vil likevel innleiingsvis minne om at Språkrådet ikkje har noko med fastsetjing av kommunenavn å gjera etter stadnamnlova.

Når det i punkt 8 i høyringsteksten vert sagt at "Unike namn kan òg gjere det lettare å byggje identitet og att-kjenning kring namnet", så er det berre delvis rett. For folk i dei einskilde lokalsamfunna er knytte til den nedervde namnebruken. Det er velkjent at då Scheikomiteen kom med innstillinga som førte til kommunesamanslåinga i 1964, vart det ein sterk og kjensleprega debatt om namnevalet for dei nye einingane. Til dømes skapte både namnet og det nye kommunesenteret lokale motsetnader då Ullensvang vart namnet på den nye storkommunen som femnde om Eidfjord og Kinsarvik i Hordaland. Og frå eit namnevernsynspunkt er det inga god løysing å konstruera nye namn.

Ved samanslåing av kommunar bør ein leggja vekt på den rolla dei gamle lokale inndelingsnamna har. Ringerike er eit godt døme på namneval då dei gamle kommunane Hønefoss, Hole, Tyristrand og nokre mindre område vart slått saman.

Venleg helsing



Arnfinn Muruvik Vonen
direktør

Mottakarliste:
Kommunal- og
regionaldepartementet

Postboks 8112 Dep

0032

OSLO

Kopi til:
Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep

0030

OSLO